

## Haustetilrådingar per 06.sept 2016 (etter prøveuttaking 05.sept)

Det vart teke ut nye prøvar for haustetidsvurdering i går og resultatane for kvar av sortane blir presentert under. Det har generelt skjedd lite endringar i hagane kringom i løpet av sist veke truleg grunna vèret som har vore, men betre vèrmeldingar for inneverande veke kan raskt endra på dette. Pass difor på utviklingen i eigen hage!

Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg som tidlegare på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hjå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyning (NB! Er ei anna formulering enn den veterinæranane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

**Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgongar er tilrådd for alle sortar. Fruktane modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.**

### Discovery

Haustinga er i full gong og det er difor ikkje teke ut nye prøvar av denne sorten denne gongen. Hugs på at grunnfargen må vera på plass før hausting; bruk evt. fargevifter frå Sognefrukt. Merk også av tre med "mistenkeleg" små, beiske eple då dette kan vera teikn på Heksekost.

### Clara Frijs

Det er teke ut prøvar på Slinde og på Nornes. Pærene er framleis litt harde men verdiane

Clara Frijs

Dyrkar	Gunvor Lidal			Harald Nornes		Rettleiande verdiar
Adresse	Slinde			Nornes		
Dato	23.08.2016	29.08.2016	05.09.2016	29.08.2016	05.09.2016	
Fruktvekt	0,137	0,162	0,159	0,151	0,142	
Avling	2-3	2-3	2-3	3	3	
Fastleik	7,7	7,0	6,8	7,2	7,0	5,0-6,0
Ref	11,0	11,1	10,4	9,9	10,1	ikkje def
Stive	2,3	2,3	4,4	2,3	4,4	4,0-6,0
Streif	0,306	0,274	0,148	0,315	0,157	0,080-0,150

ellers indikerer at starthausting nærmar seg. Pærene har også fått "saftinga" som indikerer dette.



Ein kan starta utørplukking i løpet av veka.

Dette er siste prøveuttak for Clara Frijs i år.

Clara Frijs dei to øverste prøvane og Celina den nederste.

## Celina

### Celina

Dyrkar	Gunvor Lidal	
Adresse	Slinde	
Dato	29.08.2016	05.09.2016
Fruktvekt	0,165	0,152
Avling	1	1
Fastleik	6,9	6,5
Ref	10,5	10,2
Stive	2,8	6,0
Streif	0,233	0,106

Det er teke ut ein ny prøve på Slinde i unge tre på Kvede. Fastheiten har gått raskare ned på denne enn på Clara Frijs, samt at stiveinnhaldet har endra seg mykje i løpet av sist veke. I utlandet blir Celina hausta ved fastheit 5,5 og dette blir sett på som viktigaste hausteindikator. I og med lite avling og at det er unge tre, så er det litt vanskeleg å seie akkurat når denne er haustklar hjå oss i år. Pærene er enno litt for faste og dyrkarane bør difor avventa ny prøve på måndag som kjem.



## Summerred

Det er teke ut prøvar på Slinde, Leikanger, Vangsnes og Sogndal. Analyseverdiane har generelt endra seg lite frå sist veke. Innhaldet av stive er no ideelt og sukkerinnhaldet har auka litt. Epla er enno litt for faste og manglar generelt også litt på grunnfargen før hausting. Med betre vèrvarsel vil utviklinga no gå fort.

På tidlege stader kan utorplukking truleg ta til mot helga. Nye prøvar vil bli tekne på seinare stader (Sogndal og Vangsnes) på måndag.

### Summerred

Dyrkar	Gunvor Lidal		Terje Fosshagen		Arne Midttun		Jenny Y. Mo	Rettleiande
Adresse	Slinde		Leikanger		Vangsnes		Sogndal	
Dato	29.08.2016	05.09.2016	29.08.2016	05.09.2016	29.08.2016	05.09.2016	05.09.2016	
Fruktvekt	0,140	0,142	0,142	0,150	0,131	0,132	0,139	
Avling	3	3	3	3	0	3	3	
Fastleik	8,1	8,4	7,8	8,3	8,6	8,6	8,1	7,0-8,0
Ref	10,4	10,9	10,6	11,3	10,4	11,0	9,8	
Stive	4,6	5,0	5,6	5,7	5,2	4,9	6,8	5,0-7,0
Streif	0,170	0,155	0,131	0,129	0,160	0,159	0,121	0,090-0,110

50% dekkfarge

## Raud Gravenstein/ (Gravenstein)



Det er teke ut prøvar på Leikanger, Sogndal og Vangsnes. Det er lite avling dei fleste stader, men fin storleik på epla og høgt sukkerinnhald som indikerer god kvalitet. Dekkfargen varierer derimot veldig. Analyseverdiane indikerer at sorten må henga litt lenger. Grunnfargen må også vera på plass.

Med fint vær kan verdiane endra seg raskt i løpet av veka, så pass på i eigen hage. Nye prøvar vil bli tekne på måndag.

Raud Gravenstein	Kettlei.			
Dyrkar	Terje Fosshagen	Jenny M. Y. Mo	Arne Midttun	
Adresse	Leikanger	Sogndal	Vangsnes	
Dato	05.09.2016	05.09.2016	05.09.2016	
Fruktvekt	0,241	0,221	0,152	
Avling	2,5	2	4	
Fastleik	8,3	8,2	8,3	6,5-7,5
Ref	11,3	10,7	12,1	
Stive	2,7	2,1	2,6	5,0-7,0
Streif	0,270	0,365	0,264	0,080-0,160

## Raud Aroma/Aroma

Me byrjar med prøveuttak i denne på måndag som kjem.

Nye prøvar blir på måndag 12.september.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Vest

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498